

Og nat - ta ror sin let - te båt så var - leg inn mot land, men stil - ler ik - kje all den
gråt som løy - ner seg bak flim - mer - lys, og var - mar ik - kje den som frys med o - ver - flod
i hand. Ver du oss nær når da - gen døyr, vi bed deg, Her - re, høyr!

Chords: Dm, Em, Am, G, Dm, Am, Dm, Dm, Em, Dm, G, Dm, Am, B^b, Dm, Am, E, F, F, Am, Em, Dm, Em, Am, G, Dm, Am, D

1
Og natta ror sin lette båt
så varleg inn mot land,
men stiller ikkje all den gråt
som løyner seg bak flimmerlys,
og varmar ikkje den som frys
med overflod i hand.
Ver du oss nær når dagen døyr,
vi bed deg, Herre, høyr!

2
Ei stjerne skin på himmelkvelv
og speglar seg i hav.
Men sjå, mitt hjarta er ei elv,
ei å som vill og einsam flyt,
alt medan djupe straumar bryt
og aldri stilnar av.
Ver du oss nær når dagen døyr,
vi bed deg, Herre, høyr!

3
Og månebogen er ei bru
for ævelengt og draum.
Men tanken slit med tvil og tru
og bed om teikn, bed om svar,
eit barn på leiting etter Far,
som dua over flaum.
Ver du oss nær når dagen døyr,
vi bed deg, Herre, høyr!

4
Og når det kveldar siste gong,
når dag og time svinn,
da vil eg sovne i ein song
om morgonroden over fjell,
ein stad der ingen skuggar fell,
eit land der lyset vinn.
Ver du meg nær når livet døyr,
eg bed deg, Herre, høyr!